

## FAU-møte 8.november 2022

### **Til stades:**

Gregor Anda - 2.steg  
Maren Borsheim – 3.steg  
Ragnvald Borsheim – 6.steg  
Heidi Martby-Skogsholm – 4.steg  
Valdemar Jørgensen – 1.steg  
Kristine Friestad – 6.steg  
Torunn Elisabeth Grude – 7.steg  
Ragna Stakland Svela – 3.steg  
Bente Cecilie Lio – 1.steg  
Mari Buer Vik– 7.steg  
Julia Svanes – 5.steg  
Linn Sørensen – 5.steg

### **Forfall:**

Mai Linn Auestad – 2.steg  
Monica F. Høyland – 4.steg

### **Rektor, Linda Refvik, har ordet:**

Skal gjennomføre elevundersøking på 6. og 7. steg, tema er blant anna elevmedvirkning og demokrati. Elevrådet er veldig engasjert. Mette (som leiar elevrådet) vil gå gjennom og forklara, slik at alle som skal svara har ein felles forståing for kva dei skal svara på, kva som er meint. Elevundersøkinga vil gå føre seg i byrjinga av desember.

Etterpå skal ein analysera resultatata og leggja dette fram for elevrådet og stega. Treng 2 foreldre frå FAU som kan vera med på dette etterarbeidet.

\*Heidi og Torunn Elisabeth blir valt til dette.

### **SU + SMU-møter**

Skal vera i dag, etter FAU-møtet. Informasjon frå desse møta kjem på neste FAU-møte.

## **Orientering kommunalt FAU**

Skal ha møte i januar.

Kom opp eit spørsmål om grunngjeving for konklusjonen etter lekse-undersøkinga i vår – Torunn Elisabeth sjekkar opp og informerer på neste møte.

## **Ope hus**

Generelt godt inntrykk. Meir aktivitet i gangane med dei eldste.

Veldig godt oppmøte frå foreldrevaktar.

Ope hus-gruppa har stort sett fungert fint. Aktivitetane fungerte fint. Nøklar og låsar fungerte ikkje – dette må sjekkast opp i.

Me tar ein eigen diskusjon på FAU-møte etter jul om endring av klokkeslett (1.-2. + 5.-7. ein fredag, 3.-4.neste, så det ikkje blir så seint for 3.-4.? Eller 1.-2. + 5.-6. ein fredag, og 3.-4. + 7. neste?) og evt anna opplegg for dei eldste, nokre av formingsaktivitetane er ikkje så spennande for dei. Samt mobilbruk, blant dei eldste (nokre gjengangarar).

## **Juleverkstad**

3.desember kl 11-13.

Manglar 1 forelder frå 1.steg, elles godt med foreldre som stiller.

*Ragnvald* lagar infoskriv om dato+tidspunkt og sender som ranselpost, pluss blir lagt ut på heimesida.

FAU-representantane gir info til dei foreldra som meldte seg på foreldremøtet. Blir organiseringsmøte 16.november.

## **Teater/dugnad/refleks**

Politiet kjem torsdag 10.november. Rektor sjekkar om 7.steg-elevane skal/kan stilla kl 07.45, og sender informasjon til Kristine om kven som vann.

Fint om nokre av dei som har vore med på refleksaksjonen nå blir med til hausten òg – mykje å setta seg inn i når alle er nye.

Det er sendt ut informasjon om teaterstykke, Narnia – 12.desember.

Dugnad tar ein etter jul – mest aktuelt i samband med 17.mai – høyrer med vaktmester/lærarar kva ein skal prioritera og korleis løysa dette (med/utan elevar? Maling/luking/planting/andre ting?).

## **Skuleavisa**

Neste møte – skulen «eig» dette nå.

## **100-årsjubileum 22.nov kl 17-19**

*Gregor* informerer: går veldig bra. Elevane er godt i gong med kunstprosjekt. Ordføraren skal komma og opna. Laurits Engelsvoll skal spela «intimkonsert». Det er skulekor, utstillingar i klasseromma og kafe i gymsalen.

Coop sponsar ei kake og 50 kg frukt. Grude gartneri sponsar grønsaker. Dugnadsanden lever og leverer lappar, kaker og muffins i alle variantar 😊

Gregor ordnar infoskriv – treng 4 foreldre frå kvart steg til å hjelpa til; to 16-18, to 18-20. Hjelpa til å rigga opp og ned kafe, kutta grønnsaker/frukt, organisera kafedrifta.

*Bente Cecilie* fiksar vekslepenger og prøver å ordna at me kan bruka kommunen sin Vipps.

*Ragnvald* hjelper til å henta kaker. *Kristine* kan evt hjelpa til dagen før. *Waldemar* har hovudansvaret sjølve dagen, Gregor er borte då.

## **TV-aksjonen**

Ønsker å fortsetta å ha dette som ei FAU-oppgåve – tar det opp i litt betre tid før neste aksjon.

## **Anna**

Spørsmål frå Julia om lærebøker. Rektor informerer; vil gjerne bruka meir pengar på biblioteket, mindre på spesifikke lærebøker. Det finst inga eiga godkjenningsordning for lærebøker i Noreg. Nyttig å læra ungane å samla informasjon frå ulike kjelder, samanlikna og stilla spørsmål ved den informasjonen ein finn. Samtidig viktig og fornuftig med lærebøker i enkelte fag (engels, matte), og ikkje minst fokus på fritidslesing.

Elevane skal læra å bruka kunnskap, ikkje berre reprodusera kunnskap, som det var meir fokus på før.

Tar ei eiga sak på dette òg etter jul.

**Neste møte:** 10. januar kl 18.00

Ragna Stakland

*referent*